

Ref. møte med Voss interrimstyre søndag 24.02.13. kl 18.

- Kommunen var pådrivar for å få i gang eit kulturråd i kommunen
- Det var sterkt ønskeleg frå kommunen si side at ein repr. frå ungdomsrådet el ungd. repr. skulle vere med i rådet. Dette vart ikkje lett å få til, og repr. frå Fossegrimen ( ein av dei i interrimstyret ) fekk skaffa ein elev frå Voss Gymnas. Denne repr. har ikkje møtte ein einaste gong, og det var difor ikkje aktuelt for interrimstyret å prioritere dette i det endelege rådet. Dei kunne delta som medlem via eit lag eller org.
- Rådet forventar å få ca. 10.000 – 15.000,- frå kommunen til arbeidet. Iflg. kultursjefen er det bevilga 10' til utarbeiding av vedtekter etc.
- 6 personar har på papiret vore med i interrimstyret derav 5 aktive. Dei siste to månadene 4 personar, då ein er flytta frå kommunen.
- Det er halde 7 møter i interrimstyret sidan august 2012, ca. 1 kvar månad. Dei har brukt mykje tid på å finna ut kva dei vil og diskutert mykje. Sett på andre kulturråd sine vedtekter og arbeid for å finna det dei ville gå for.
- Kommunen stiller ikkje med administrative ressursar. Melding også frå kommunen at kommunale etatar eller kommunale personar ikkje får lov å vere medlemmer i rådet. Heller ikkje kommersielle aktørar.
- Det endelege kulturrådet skal bestå av 5 personar frå lag og org. inkl. leiar, 2 vara + 3 i valnemd.
- Skipingsmøte torsdag 28. februar 2013. Interimstyret har sendt ut eit skriv til alle lag og org i kommunen ” Invitasjon til skiping av Voss kulturråd ” der ein kan melda seg som medlem. Dei aller fleste komen via invitasjonen, ikkje avisa.
- Ca. 30 lag hadde meldt seg pr. 24. feb. Fleire har signalisert at dei vil vere med.
- Rådet vil bruka det første året til ” å gå seg til ”.
- 3 potensielle farar dei har sett føre seg :
  - \* kulturrådet blir styrt av tunge aktørar
  - \* medlemmer i gråsoner
  - \* veldig sterke enkeltpersonar i styret
- Ingen medlemsavgift
- Ingen kan sitje som styremedlem i meir enn 6 år, vara ikkje medrekna. Det skal rullerast mellom sjangre.
- Frivilligsentralen på Voss, Nabobeino, har meldt seg som medlem, ikkje til styre. Denne er ikkje kommunal, men eigd av 22 lag i bygda.
- Rådet ser føre seg å samarbeida med idrettsrådet og musikkrådet i kommunen.
- Det er kome signal om at kommunen ønskjer at kulturrådet skal hjelpa til ved arrangement.

Knarvik 28.02.13.

Ref. Gro Sundal